



Kulturdepartementet

Strategi

# Fleirstemt

Strategi for korutvikling i Noreg





# Fleirstemt

Strategi for korutvikling i Noreg



# Innhold

1 Forord frå statsråden.....	6	3.4 Krafttak for song .....	19
2 Innleiing .....	8	3.5 Interesseorganisasjonane.....	20
2.1 Arbeidet med strategien.....	9	4 Finansieringa av kor .....	23
2.2 Satsingsområde .....	9	4.1 Finansiering av profesjonelle kor og vokalensemble .....	23
3 Kor og vokalfeltet i Noreg .....	11	4.2 Finansiering av amatørkor .....	26
3.1 Profesjonelle kor og vokalensemble.....	11	5 Strategi for korfeltet .....	31
3.2 Amatørkor .....	16	5.1 Utvikling av korfeltet .....	31
3.3 Amatørkor på høgt nivå .....	17	5.2 Dirigentutvikling .....	34

# 1 Forord frå statsråden



Å ta del i eit musikkfellesskap kan vere ei fantastisk oppleving. Kunst og musikk har ein unik eigenverdi, både for kvar og ein av oss og for heile samfunnet. For mange er song det første møtet med musikk. Vi er ein syngande nasjon.

Musikk skaper glede, inspirasjon og samhald gjennom heile livet, ikkje berre for alle dei som syng eller spelar, men òg for publikum. Noreg har kor på særst høgt nivå, som vi kan vere stolte av, og som heile verda burde få oppdage. Mange kor går nye vegar i formidlinga av korsong og når slik breiare ut.

Som kulturminister gler det meg at vår historiske satsing på kor treffer heile breidda av feltet, frå glade amatørsongarar til dei mest profesjonelle nivåa. Feltet er under rask utvikling og blomstrar som aldri før. Kora løftar heile Musikk-Noreg.

Kora er med på å bygge mange og sterke kulturelle sentrum i Noreg; sentrum som utfordrar konsensus og skaper større mangfald. Slik bidrar kor òg til å gjere heile det norske kulturlivet betre og meir variert. Anten det er allsong, operakor eller kanskje eit mindre ensemble: Kor skaper eit meir fleirstemt Noreg.

Vi må lage rom for at dei kan halde fram med alt dette. Derfor har vi laga den strategien du no sit med mellom hendene. Eg vonar at så mange som mogleg vil vere med og gjere strategien verkeleg og synge Noreg vidare.

A handwritten signature in blue ink that reads "Linda Hofstad Helleland". The signature is written in a cursive, flowing style.

Linda Hofstad Helleland  
KULTURMINISTER





## 2 Innleiing

Korfeltet i Noreg er stort og mangfaldig. Det spenner frå svært mange amatørkor rundt om i heile landet til profesjonelt drivne kor og vokalensemble med høgt utdanna songarar. Koralliansen reknar med at over 100 000 nordmenn syng i kor, noko som gjer korsong til den største folkerørsla etter idretten. Det var om lag 75 000 medlemmer i dei ulike korforbunda i 2014.<sup>1</sup> I tillegg kjem korsong i skulen, i barnehagar, ved eldreinstitusjonar og i andre samanhengar.

Korsong gir styrke til enkeltpersonar og lokalsamfunn over heile landet. Det finst kor på alle ambisjonsnivå rundt om i Noreg, og dei er med på å styrkje kulturlivet i regionane. Korsong skaper glede og inspirasjon gjennom heile livet, gir meining og samkjensle.

Forskning viser at song kan gi fysiske, psykologiske, emosjonelle, kognitive og sosiale fordelar.<sup>2</sup> Song og allsong kan ha positiv verknad på helse og velvære og har eit stort potensial når det gjeld å skape sosiale relasjonar og medverke til levande, engasjerte og inkluderande lokalsamfunn.

Med få unntak har korfeltet ikkje teke del i profesjonaliseringa av musikkfeltet dei siste tiåra. Engerutvalet peikte i NOU 2013:4 *Kulturutredningen 2014* på at mykje av auken i løyvingar til musikkfeltet

over tid har gått til orkesterinstitusjonane: til lønn, pensjon og forvaltning og drift av bygg. Utvalet viste òg til at fleire orkester hadde heva det kunstnariske nivået etter 2005, og at ein stor del av auken i løyvingar på musikkområdet hadde gått til oppbygging av det rytmiske musikkfeltet.

Sidan 2013 har likevel korfeltet fått eit nytt politisk og økonomisk løft med monalege satsingar på både profesjonelle og frivillige aktørar i heile landet.

Satsinga i 2016 er eit toppunkt for utvikling av den statlege finansieringa, med eit samla tilskot på om lag 44 mill. kroner.<sup>3</sup> Dette er nær ei tredobling frå om lag 16 mill. kroner i 2013. Satsingar på kor og vokalensemble med profesjonelt utdanna songarar kan no i større grad seiest å vere på linje med instrumentalfeltet.

Organisasjonane som representerer kor og ensemblesongarar gjer eit viktig arbeid for å synleggjere utfordringar og behov innanfor korfeltet. I 2015 og 2016 har fleire aktørar utvikla det strategiske og praktiske samarbeidet seg imellom, både på amatørfeltet og blant dei profesjonelle.

Den breie satsinga på kor i heile landet dei siste åra medfører at ein no kan spele meir krevjande og større verk og operaer fleire stader i landet. Satsinga

1 Korforbundet: ca. 30 000 medlemmer, Ung kirkesang, Norges kirkesangforbund, Ung i kor, Norsk sangerforum og Norsk Sangerforbund: ca. 33 000 medlemmer, KFUK-KFUM: ca. 6500, Acta: ca. 5000 medlemmer. Kjelder: Organisasjonane.

2 <http://www.krafttakforsang.no/hvorfor-syng/>

3 Tilskot til Det Norske Solistkor og Edvard Grieg Kor, aktivitetsmidlar for kor og Krafttak for song, jf. Prop. 1 S (2015–2016), Norsk kulturråds tildelingar frå tilskotsordninga for musikkensemble til kor og vokalensemble for 2016 inkludert Stortingets styrking av tilskotsordninga, jf. Innst. 14 S (2015–2016).



har òg medverka til ei generell utvikling av korfeltet. Fleire nye kor- og vokalensemble har motteke tilskot frå Norsk kulturråds ensemblestøtteordning i 2015 og 2016.

## 2.1 Arbeidet med strategien

I Innst. 14 S (2014–2015) til Stortinget skriv familie- og kulturkomiteen: «Komiteen mener det trengs en helhetlig strategi for korutviklingen i Norge, og komiteen legger til grunn at regjeringen vil følge opp dette på egnet måte.»

Kulturdepartementet begynte arbeidet med ein korstrategi våren 2015. Som ein del av arbeidet gjennomførte departementet hausten 2015 eit innspelsmøte om utvikling av korfeltet og var til stades på ein dirigentkonferanse i regi av Koralliansen i januar 2016.

Departementet har motteke innspel til strategien frå ulike kor og vokalensemble, interesseorganisasjonar og Norsk kulturråd. Anna bakgrunnsmateriale har vore nettsidene til kora og organisasjonane, i tillegg til søknader og rapportering til departementet og til Norsk kulturråd.

Omgrepet «kor» kan delast inn i ei rekkje undergrupper etter blant anna storleik, sjanger, profesjonelt nivå, tilknytning, stemmegrupper og alderen på songarane. Eit mindre vokalensemble vil

ha mange av dei same utfordringane som eit større kor. I denne strategien har departementet derfor valt å bruke omgrepet «korfeltet» som ei generell samlenemning på ei større eller mindre gruppe songarar.

## 2.2 Satsingsområde

Med denne strategien vil Kulturdepartementet få fram mangfaldet innanfor kor og ensemblesong i Noreg og peike på utfordringar og satsingsområde for den vidare utviklinga av korfeltet.

- Regjeringa vil leggje til rette for at kor skal ha utviklingsføresetnader og profesjonelle kunstnariske vilkår for produksjon og formidling.
- Regjeringa ønskjer å medverke til profesjonelle rammevilkår for kor i alle regionane i landet.
- Regjeringa vil vidareføre satsinga på amatørkor på alle ambisjonsnivå.
- Regjeringa ønskjer å leggje til rette for rekruttering til og utvikling av korfeltet i Noreg gjennom eit løft for kordirigentar.
- Kulturdepartementet koordinerer det arbeidet regjeringa gjer med forenkling av tilskot til frivillige organisasjonar. Det overordna målet for forenklingsarbeidet er at det skal vere enkelt for frivillige organisasjonar å søkje og rapportere på tilskot frå staten.

Oppfølginga av den vidare satsinga på kor vil bli behandla i dei årlege budsjettproposisjonane.



# Aktuelle støtteordningar

## **NORSK KULTURRÅD**

Tilskot frå Kulturrådet på musikkfeltet skal medverke til at kunstnarar har profesjonelle produksjonsføresetnader og økonomiske rammevilkår.

### **Ensemblestøtta**

Ordninga har som formål å gi musikkensemble innan ulike sjangrar utviklingsgrunnlag og profesjonelle kunstnariske vilkår for produksjon og formidling. Ensembleverksemd (produksjon og formidling) på eit høgt kunstnarisk og profesjonelt nivå kan få støtte. Ensemblestøtteordninga og muskarordninga blir sett i samanheng ved tildeling av tilskot.

## **Kyrkjemusikkordninga**

Ordninga har som formål å utvikle kyrkja som konsert- og kunstarena og vitalisere og fornye profesjonelt musikkarbeid og konsertproduksjon i kyrkja. Gjennom auka aktivitet på desse områda er det òg eit overordna mål å styrkje rekrutteringa til kyrkjemusikkfeltet. Det er ønskjeleg med prosjekt som medverkar til auka samarbeid mellom dei ulike kyrkjemusikkmiljøa. Det kan òg søkjast om støtte til kyrkjemusikkprosjekt som involverer musikkmiljø og formidlingsarenaer utanfor kyrkja. Prosjektet det blir søkt støtte til, må involvere profesjonelle utøvarar.

## **AKTIVITETSMIDLAR FOR KOR**

Aktivitetstilskot for kor er ei statleg løyving til kor som blir fordelt vidare av Norges Korforbund. Målgruppa er alle kor i Noreg, uavhengig av forbundstilhøyrse eller organisering. Aktivitetstilskotane for kor utgjer 7,5 mill. kroner i 2016, og inntil 7,5 prosent av midlane kan gå til administrasjonskostnader. Aktivitetstilskotane er delte i to tilskotsordningar: konsertstøtte i samarbeid med profesjonelle og produksjons- og driftsstøtte til kor.

### **Konsertstøtte i samarbeid med profesjonelle**

Ordninga har som formål å stimulere til musikalsk utvikling og auka kvalitet i det lokale korlivet, auke

samarbeidet mellom kor og profesjonelle aktørar og gi publikum gode og varierte konsertopplevingar. Det kan søkjast om støtte til konsertverksemd og andre prosjekt som omfattar framføring av kormusikk der profesjonelle krefter medverkar.

### **Produksjons og driftsstøtte til kor**

Formålet med støtteordninga er å gi kor og vokalensemble på eit særleg høgt kunstnarisk nivå betre vilkår for drift, produksjon og formidling. Støtta blir gitt til eitt års drift og er ikkje prosjektorientert slik som dei tradisjonelle aktivitetstilskotane. Ordninga utgjer 2,45 mill. kroner i 2016.

## **FRIFOND – BARN OG UNGE**

Formålet med Frifond er å stimulere til aktivitet og deltaking blant barn og unge lokalt, både gjennom frivillige organisasjonar og i frittstående grupper og foreiningar. Formålet med Frifond musikk er å auke interessa for musikkaktivitetar på lokalt plan. Frifond musikk fordeler midlar til frivillige lag, foreiningar og grupper med musikk som aktivitet.

### **VAKSENOPPLÆRINGSMIDLAR (VO-MIDLANE)**

Formålet med vaksenopplæringslova er å fremme livslang læring ved å leggje til rette for organiserte læringsaktivitetar ved sida av det formelle utdanningssystemet. Vaksenopplæringsmidlane blir

betalte ut gjennom ulike studieforbund. Aktuelle studieforbund på musikkfeltet er Musikkens studieforbund og Studieforbundet KOR.

### **MOMSKOMPENSASJON**

Formålet med momskompensasjonsordninga er å fremme frivillig aktivitet. Og ordninga skal kompensere for kostnader som frivillige organisasjonar har til meirverdiavgift ved kjøp av varer og tenester. Kororganisasjonane søkjer om kompensasjon for meirverdikostnader på vegner av medlemmene sine.

*I tillegg har ulike korforbund tilskotsordningar til eigne medlemmer.*

## 3 Kor og vokalfeltet i Noreg

Korfeltet i Noreg blir gjerne delt inn i tre hovudgrupper: kor og vokalensemble med profesjonelle og honorerte songarar, amatørkor i frivillig sektor og eit mellomsjikt med kor med frivillige songarar som er på eit så høgt kunstnarisk nivå at dei òg deltek i det profesjonelle musikklivet.

### 3.1 Profesjonelle kor og vokalensemble

I dag finst det både profesjonelle kor knytte til Den Norske Opera og Ballett, regionale orkester, operaer og domkyrkjene og frittstående kor som Det Norske Solistkor. Operakoret til Den Norske Opera & Ballett deltek i operaens kontinuerlege produksjon og held berre unntaksvis konsertar åleine eller i andre produksjonssamarbeid.

Profesjonell drift og organisering inneber varierende grad av profesjonell kunstnarisk leiing,

arbeidsavtalar med songarane og honorar etter profesjonstariff og/eller tilsette songarar etter open utlysing av faste stillingar. Korsongarar er òg engasjerte enkeltvis som frilansarar i region- og distriktsoperaene, i symfoniorkestra og i ulike korsamansetjingar.

Fleire av dei profesjonelle kora og vokalensembla er profilerte og etterspurde og har relativt stor produksjon og konsertverksemd. Kora har ulik profil og held til i ulike delar av landet. Dei er med på å framføre og spele inn både verk frå det etablerte korrepertoaret og nyskrivne verk, dels a cappella (utan akkompagnement), men òg i samproduksjon med andre profesjonelle ensemble og orkester. Nokre verkar primært i sin region og inngår samarbeid med lokalt profesjonelt musikkliv.





## EKSEMPLER PÅ PROFESJONELLE KOR

**Det Norske Solistkor** blei etablert av Norsk Solistforbund i 1950 med formål å vere eit eliteensemble med høgaste kunstnariske mål for framføring av kormusikk. Koret har gjort over 200 urframføringar, blant dei over 70 verk av norske komponistar. Den første dirigenten for koret var Knut Nystedt. I 1990 overtok Grete Pedersen som dirigent, og ho er framleis engasjert som kunstnarisk leiar for Det Norske Solistkor.

Det Norske Solistkor er organisert som ei stifting. Songarane i Det Norske Solistkor er høgt utdanna, handplukka utøvarar som alle er potensielle solistar i ulike sjangrar. Koret har gjensidige intensjonsavtalar med 26 frilanssongarar. Desse songarane har forplikta seg til å prioritere Solistkoret i ein gitt periode, på same måte som koret forpliktar seg til å prioritere dei ved nye prosjekt og oppdrag. Det gir ei fleksibel besetning der koret kan variere talet på songarar alt etter kva for musikk som skal framførast. Denne organiseringa gir både fleksibilitet og stabilitet og best moglege musikalske resultat.

Det Norske Solistkor fekk i 2012 Rolf Gammleng-prisen i klassa kunstmusikk for fortjenestefull medverknad ved innspeling av grammofonplater, og det blei same år kåra til Årets utøvarar av Norsk Komponistforening. Som det første koret i Norden blei Solistkoret i 2009 teke opp som medlem i det europeiske kornettverket Tenso. Det Norske Solistkor gjennomførte 25 konsertar i 2015, med eit samla publikumstal på 8586.

**Edvard Grieg Kor** er eit profesjonelt kor med base i Bergen. Koret blei stifta som eit prosjektbasert profesjonelt vokalensemble i 2002 under namnet KorVest. Koret har sidan starten vore ein viktig samarbeidspartnar både for Bergen Nasjonale Opera og Bergen Filharmoniske Orkester, i tillegg til regelmessige innslag under Festspela i Bergen.

Koret er organisert som eit aksjeselskap med Musikkelskapet Harmonien / Bergen Filharmoniske Orkester, Bergen Nasjonale Opera og Grieghallen AS som likeverdige aksjonærar. Songarane er tilsette i faste stillingar, og alle har songutdanning. Frå og med 2016 har koret ingen fast dirigent, men knytter til seg profilerte gjestedirigentar som leier koret på

prosjektbasis. Den kunstnarisk leiinga er samansett av dagleg leiar og kunstnarisk ansvarleg for høvesvis a cappella- og opera/orkesterproduksjon.

Ei av Edvard Grieg Kors største prioriteringar er å medverke til felles utvikling av kormiljøet i Hordaland og skape prosjekt for barn og unge. Edvard Grieg Kor har derfor bygd ut ein omfattande struktur for talentutvikling på alle aldersnivå gjennom integrering av Bergen Guttekor (2008) og Bergen Pikekor (2010) med tilhøyrande aspirantkor i verksemda si. Edvard Grieg Ungdomskor for unge songarar i alderen 16–26 år blei starta i 2013. Formålet er å gi korsongarar høve til å utvikle seg steg for steg frå barn til profesjonell songar/amatørkorist. Dette arbeidet blir styrkt gjennom musikalsk samarbeid med Bergen Nasjonale Opera og Bergen Filharmoniske Orkester. Edvard Grieg Kor gjennomførte 40 konsertar i 2015, med eit samla publikumstal på 32 064.

**Trondheim Voices** er eit eksperimenterande vokalensemble samansett av ti improviserande, profesjonelle songarar, alle med forankring i jazzlinja ved NTNU. Trondheim Voices starta opp i 2001 etter initiativ frå Midtnorsk jazzsenter. Etter nokre år som større ensemble blei Trondheim Voices etablert som eit mindre vokalensemble i 2004. Besetninga varierer frå prosjekt til prosjekt, og det blir jobba med repertoar som er komponert spesielt for gruppa. Koret har dei seinare åra søkt utover tradisjonelle scener og format for vokalmusikk og utvida improvisasjonsarbeidet sitt til også å omfatte dans, rørsle, rom og situasjonar.

Av produksjonar kan ein nemne «Ekkokammer 2.0» komponert av Maja S.K. Ratkje (2015) og «On Anodyne» komponert av Jon Balke for ni stemmer og fire perkusjonistar (2011). Trondheim Voices var også med i Cirka Teaters prisvinnande musikal «Hundre hemmeligheter» (2014). Kunstnarisk leiar har sidan 2012 vore Siri Gjære. Trondheim Voices jobbar med ein fast produsent, og Midtnorsk jazzsenter har rolla som management. Trondheim Voices mottok 1,7 mill. kroner i ensemblestøtte for 2015. Trondheim Voices gjennomførte tre konsertar i 2015, med eit samla publikumstal på om lag 2700. På den stadsspesifikke



konserterne «Gjestehus» i Lademoen kyrkje framførte ensemblet musikk kontinuerleg i fem døgn. Aktivitet i 2015 inkluderer òg studioinnspeling.

**Vocal art** i Bodø blei stifta som profesjonelt vokalensemble i 2006 og er samansett av profesjonelle songarar frå Nordland. Koret har som mål å vere eit kammerkor med 12–16 songarar på prosjektbasis med aktivitet tilsvarende inntil 50 pst. stillingar for kjernegruppa, ein fagleg møteplass der yrkessongarar i Nordland samlar den kompetansen dei opparbeider seg i frilansverksemd nasjonalt og regionalt, i tillegg til å formidle kunstmusikkarven og korttradisjonen i landsdelen på høgaste profesjonelle nivå. Dirigent for koret er Kjetil Almanning.

Organiseringa byggjer på ein modell frå blant andre Det Norske Solistkor, med fleksibilitet i besetninga og høve for songarane til å kunne ha andre engasjement òg. Dette gjer at ein kan setje saman eit optimalt ensemble ut frå det som skal framførast (barokk, moderne, solistar) for kvar enkelt produksjon. Koret ønskjer å få til ei drift som gjer det attraktivt for songarar å flytte til Bodø eller omegn og ha Vocal art som arbeidsgivar anten i kombinasjon med frilansverksemd andre stader i landet eller i kulturlivet elles i regionen.

Vocal art har sidan starten samarbeidd med organisasjonar og ensemble som Bodø Internasjonale Orgelfestival, Bodø Sinfonietta, Musikk i Nordland, Nordland Musikkfestveke, Festspela i Nord-Noreg, Capella Petri, Lux Borea og Moving art. Vocal art samarbeider med ei rekkje dirigentar, blant andre Christopher Bowers Broadbent, Ragnar Rasmussen, Carl Høgset og Øystein Jæger.

Med støtte frå Kulturnæringsstiftelsen i Sparebanken Nord-Norge og Nordland fylkeskommune har koret utvikla konseptane «Solistar til leige» og «Vocal art Akademi», som ved sida av tradisjonell kordrift og konsertverksemd skal fungere som kommersielle tenester basert på den formelle kompetansen frå song- og pedagogikkutdanning som songarane har.

Vocal art gjennomførte 15 konsertar i 2015, med eit samla publikumstal på 5200.

**Vokal Nord** i Tromsø fekk ensemblestøtte frå Norsk kulturråd første gong i 2004. Koret lyste hausten 2015 ut fire 60 pst. songarstillingar i 2–3 års åremål og fire songarstillingar på 2-årige intensjonsavtalar.

Dei to kvartettane vil utgjere kjernen i Vokal Nord. Dei vil også kunne fungere som frittstående kunstnariske einingar med 4–8 songarar, eller som solistar og stemmeleiarar i oppsetjingar av opera, musikkteater, kyrkjemusikk eller andre korverk i samarbeid med Nordnorsk Opera og Symfoniorkester og andre regionale profesjonelle ensemble, som Forsvarets musikkorps Nord-Noreg og Landsdelsmusikarordninga i Nord-Noreg.

Dei nye songarane vil komme i tillegg til songarane som allereie er medlemmer, og som er finansierte blant anna med ordinær ensemblestøtte. Koret har medlemmer frå mange stader i landet og samarbeider med utanlandske songarar og songsolistar. Kunstnarisk leiar for koret er Bjørn Andor Drage.

Vokal Nord vil òg gjennomføre skulekonsertar gjennom Den kulturelle skulesekken og medverke med assistanse i det profesjonelle frivillige musikklivet. Organiseringa av dette vil vere den same som hos Landsdelsmusikarordninga i Nord-Noreg, der brukarane betaler ein eigendel per dag for kvar utøvar. Vokal Nord meiner oppretting av deltidsstillingar vil innebere ei langt betre ressursutnytting enn dei tidlegare har kunna ha.

Vokal Nord vil ha både eit program for fullt ensemble og eit eige program berre med dei nye songarane. Dette vil blant anna innehalde operaoppsetjingar i regi av Nordnorsk Opera- og Symfoniorkester (NOSO), skulekonsertar i landsdelen som kvartett og/ eller dobbeltkvartett, eigne konsertar som kvartett/ dobbeltkvartett og engasjement hos andre kor. Vokal Nord gjennomførte 24 konsertar i 2015, med eit samla publikumstal på 2984.

Fleire av dei profesjonelle kora er bygde opp over tid gjennom Norsk kulturråds tilskotsordning for musikkensemble, ensemblestøtta. Tilskotsordninga gir ensemble innanfor ulike sjangrar utviklingsføresetnader og profesjonelle vilkår for produksjon og formidling.

Stortinget vedtok hausten 2014 og hausten 2015 øyremerkte aukar til korfeltet i ensemblestøtta, med høvesvis 10 mill. kroner for 2015 og 4,5 mill. kroner for 2016. Aukane har både gitt fleire kor monaleg betre vilkår gjennom tilskot til allereie etablerte kor og medverka til nyetableringar.

Eit av Norsk kulturråds mål for tildelingane frå ensemblestøtta i 2015 var etableringar av profesjonelle kor i byar der det finst etablerte profesjonelle musikkmiljø. Kulturrådet fekk inn søknader om etablering av profesjonelle kor i Trondheim, Tromsø og Stavanger. Av desse fekk dei to første tilskot og er i gang med utvikling av den profesjonelle verksemda.

Kulturrådet har gitt tilskotsmottakarane nokre mål for verksemda som kora vil bli målte etter:

- Faglege premisser: Fagleg utvikling og eigenproduksjonar må stå i sentrum for verksemda i koret og ha høg prioritet. Verksemda bør vere samansett av både eigen a cappella-produksjon og samproduksjon/samarbeid med profesjonelle aktørar i regionen. Ein legg til grunn at koret i tillegg til eigne korprosjekt medverkar i regional opera- og orkesterproduksjon.
- Organisering: Koret bør ha tydelege formål og leggje vinn på eigen kunstnarisk identitet med eiga uavhengig kunstnarisk leiing. Dirigentar, gjestedirigentar og korleiar bør bli engasjert av kunstnarisk leiing/råd. Det er ein føresetnad at koret så langt det er råd bruker eksisterande infrastruktur og samhandlar med andre kulturinstitusjonar som operaselskap/orkester om administrative funksjonar.
- Økonomiske perspektiv: Koret bør oppnå anna finansiering, helst opp mot 50 pst. Dette føreset at koret genererer inntekter i form av honorar, sponsor- og billettinntekter og anna, og at eksisterande kunstliv som operaselskap,

orkester, kyrkje etc. medverkar med honorar ved samproduksjon. Det bør vidare vere ein ambisjon at opp mot 30 pst. av den samla offentlege finansieringa skal vere regional og lokal. Måloppnåinga til kora på dette området vil ha innverknad på korleis Kulturrådet prioriterer mellom dei som søker ensemblestøtte, ved framtidig søknadsbehandling.

#### **EKSEMPEL PÅ PROFESJONELLE KOR UNDER OPPBYGGING**

Nidaros domkyrkje og Vår Frue kyrkjelyd og Trondheim Symfoniorkester lyste hausten 2015 ut tolv 60 pst. stillingar i tre års engasjement som ensemblesongar i **Nytt profesjonelt kor i Trondheim** (arbeidstittel), med planar om ei gradvis vidare oppbygging av ensemblet.

Songarane skal ifølgje søknadene til Norsk kulturråd for 2015 og 2016 ha ei allsidig rolle gjennom blant anna operaframsyningar, a cappella-konsertar og gudstenester, gjennom ei tredelt rolle som sjølvstendig ensemble, verksemd i Nidarosdomen og kor i produksjonane til Trondheim Symfoniorkester. Det er òg meininga at ensemblet skal gjere prosjekt hos andre institusjonar og festivalar og både ha ei nasjonal rolle og representere Noreg internasjonalt.

Både Nidaros domkyrkje og Vår Frue kyrkjelyd og Trondheim Symfoniorkester har tidlegare erfaring med profesjonell korverksemd, blant anna gjennom Norsk kulturråds forsøksordning for profesjonalisering av kor i 2009. Etter forsøksperioden blei desse satsingane avvikla på grunn av manglande finansiering.

Samarbeidsmodellen mellom dei to etablerarane er basert på modellen mellom Trondheim Symfoniorkester og TrondheimSolistene. Trondheim Symfoniorkester vil ha arbeidsgivaransvar og ansvar for den daglege drifta av ensemblet, men begge partar inngår i det kunstnariske utvalet, som blir leidd av domkantorane i Nidarosdomen. Det kunstnariske utvalet vil ha ansvar for at ensemblet har sjølvstendige konsertar og oppdrag, og ansvar for å engasjere ulike gjestedirigentar for ensemblet. For å sikre spennvidd i repertoaret vil gjestedirigentane bli henta blant dei beste i Noreg og i utlandet, og dei vil ha stor innverknad på repertoaret.



### 3.2 Amatørkor

Den aller største gruppa kor er dei amatørbaserte kora der samvær, samhold og fellesskap er dei viktigaste kjenneteikna. Desse kora er ein sosial aktivitet og spring gjerne ut av lokalsamfunn, foreiningar, arbeidsplassar, skular eller berre felles songinteresse. I dei ulike medlemsorganisasjonane er det registrert meir enn 2 500 kor fordelte på heile landet, og dei produserer ei stor mengde konsertar i alle sjangrar og uttrykk.<sup>4</sup> Eksempel er ulike barnekor, blandakor, mannskor og damekor, med eller utan tilknytning til kyrkjer, skular og lokale organisasjonar. Ein ambisjon om utvikling, høgare kvalitet og/eller profesjonalitet er ikkje nødvendigvis nokon viktig grunn verken for å danne kor eller for å syngje i kor.

Korsong er ein populær fritidsaktivitet for amatørar på alle nivå og i alle aldrar. Song kan medverke til læring og utvikling, gi ei kjensle av auka energinivå og meistring, glede, positivt humør og høgstemning. Song kan gi fysiske fordelar som betre stemmebruk, pusteteknikk og kroppshaldning og dessutan forløyning av spenningar og auka velvære. I tillegg gir korsong høve til kollektiv samkjensle, kontakt med andre, utvikling av vennskap og nettverk.

#### EKSEMPEL PÅ AMATØRKOR

**Narvik Skolekor** blei starta hausten 1993. Målsetjinga til koret er å gi barn og unge høve til musikalske opplevingar, læring og meistring gjennom song og musikk. Det famnar breitt både musikalsk og sosialt og er religiøst og politisk uavhengig. Koret skal likevel ha ein haldningsskapande funksjon. Dette kjem til syne gjennom arbeid med tema som for eksempel krig, fred, rasisme, miljø og felles framtid. Narvik Skolekor er ein ideell organisasjon som blir driven av foreldre til barna i koret. Skulekoret kjøper dirigentteneste hos Narvik kulturskule, som har vore ein viktig støttespelar frå starten av.

**Sangkoret Crescendo** er eit kor i Sør-Varanger kommune, stifta i 1997 av fire venninner som sat rundt kjøkkenbordet med eit ønske om å syngje i kor. Det utvikla seg raskt til eit blandakor, med øvingar kvar veke i musikkrommet på Bjørnevatn skole.

**Mannskoret Klang** har ein ubroten songartradisjon frå oppstarten i 1905. Koret har i alle desse åra vore ein viktig kulturberar på Lillehammer og i områda rundt. Dei ca. 40 songglade medlemmene har eit songrepertoar som spenner over eit vidt spekter frå lystige drikkeviser til seriøs kyrkjemusikk. Koret ser det som ei viktig oppgåve å formidle mannskorsong basert på årelang musikktradisjon. Samtidig legg det stor vekt på kontinuerleg fornying. Det sosiale miljøet har alltid vore ein viktig berebjelke for aktiviteten i koret. Dette meiner dei er ei avgjerande årsak til at dei aller fleste som begynner i koret, trivst godt og blir verande medlemmer på livstid.

<sup>4</sup> I tillegg kjem eit ukjent tal kor som ikkje er organiserte.

Deltaking i kor handlar ofte om meir enn formidling av sjølve musikken. Enkelte kor finn sine egne nisjar og lykkast gjennom det å trekkje eit stort publikum som sikrar finansiering av koret.

#### ANDRE EKSEMPLER

Mannskoret **Oslo fagottkor** blei etablert i 2004. Det er kjent for ei humoristisk tilnærming til alle stilartar og dyrkar sjangeren musikk-komikk. Dei påkosta julekonsertane til koret sel billetter i tusental, doble konsertar blir framførte fleire kveldar på rad. I 2015 hadde koret to konsertproduksjonar: festkonserten «Fri og bevare meg vel» i samarbeid med Forsvarets stabsmusikkorps og julekonsertane «God jul og fagott nyttår».

**Soul Children** er eit korkonsept utvikla gjennom dirigent Ragnhild Hiis Ånestads kor Oslo Soul Children. Ho starta koret for dei yngre tenåringane, «tweensa», i 2001, og i 2005 blei Soul Children-konseptet eit av satsingsområda til organisasjonen Acta – barn og unge i Normisjon. Det finst no over 140 lokale Soul Children-kor i Noreg, med Oslo Soul Children som pilotkor. Oslo Soul Children og Acta produserer ressursmaterieill, som felles grafisk profil, produkt og nettsider for korrørsla, og utviklar og prøver ut arbeidsmåtar og modellar med tanke på det musikalske, åndelege og sosiale miljøet. The International Soul Children Festival samla nærmare 2300 korsongarar i 2015.

### 3.3 Amatørkor på høgt nivå

Fleire amatørkor på høgt nivå deltek i det profesjonelle musikklivet i produksjonar som blir gjennomførte med profesjonelle kvalitets- og produksjonskrav. Ein viktig grunn til at amatørkor er engasjerte i desse samanhengane, er at det er for få profesjonelle kor i Noreg til å dekkje behovet for profesjonell korproduksjon. Sidan dette gjeld frivillige, ikkje-lønte songarar, er det òg ein økonomisk lagleg ressurs for orkester og regionoperaer, i dei tilfella der forholdet mellom kunstnarisk nivå og honorar blir vurdert som tilfredsstillande. Sidan amatørkora øver utanfor ordinær arbeidstid, tek likevel kvar produksjon ofte lang tid å innstudere, særleg dersom det er krevjande repertoar. Talet på produksjonar som kvart kor gjennomfører, er derfor ofte lågt.

Kora har profesjonelle dirigentar, bestiller og framfører nyskrivne verk, engasjerer profesjonelle song- og instrumentalsolistar og spelar med instrumentensemble innanfor mange sjangrar og uttrykk. Dei beste amatørkora er til ei viss grad arena for rekruttering til profesjonelle kor og vokalensemble og til solistkarrierar.

#### EKSEMPEL PÅ AMATØRKOR PÅ HØGT NIVÅ

Damekoret **Cantus** blei stifta i 1986 av ei gruppe jenter som hadde lyst til å syngje i eit kor der dei kunne veksle mellom populærmusikk, folkemusikk, samtidsmusikk, jazz, joik og den klassiske kormusikken. Tove Ramlo-Ystad er Cantus' dirigent og kunstnarisk ansvarleg. Dei har mellom anna arbeidd med populærmusikk i sceniske produksjonar. Ingen av medlemmene i Cantus har musikken som yrke, men dei bruker mykje av fritida på koret, både med arbeidet for heile tida å bli eit betre kor og på drifta av organisasjonen Cantus. Målet er å vere ei oppleving for publikum.

**Oslo Filharmoniske Kor** blei etablert i 1921 og har som hovudoppgåve å vere kor for Oslo-Filharmonien. I tillegg held koret jamleg sjølvstendige konsertar og deltek på eksterne arrangement. Gjennom dei ti siste åra har Oslo Filharmoniske Kor medverka på omkring 170 konsertar saman med Oslo-Filharmonien under nokre av verdas mest framstående dirigentar. Koret har framført dei fleste av dei store symfoniske korverka i musikk litteraturen. Dirigent for koret er Øystein Fevang.

**Nidaros domkor** blei etablert i 1946 og held konsertar og gudstenester i Nidarosdomen i Trondheim. I tillegg samarbeider dei jamleg med blant andre Trondheim Symfoniorkester og TrondheimSolistene og med ei lang rekkje dirigentar, musikarar og solistar. Domkoret framfører verk frå alle epokar, men har dei seinaste åra lagt vekt på å fremme ny kyrkjemusikk, med bestillingsverk til inspirasjon for både dirigent, songarar og korlivet i Noreg. Dei siste åra har koret urframført verk av komponistar som Gisle Kverndokk, Ståle Kleiberg, Torbjørn Dyrud, Olav Anton Thommesen, Wolfgang Plagge og Tord Gustavsen. Dirigent frå januar 2016 er domkantor Karen Haugom Olsen.



### 3.4 Krafttak for song

Krafttak for song er eit initiativ som spring ut frå Syng for livet-rørsla, som starta opp på slutten av 1990-tallet. Krafttak for song er samansett av 25 frivillige organisasjonar og institusjonar i Noreg som skal byggje opp under innsatsen for songkultur og songglede landet rundt. Den langsiktige visjonen for tiltaket er «et syngende samfunn der alle mennesker får del i sangen som kilde til glede, kreativitet, identitet, helse og egenutvikling».

Prosjektet blir gjennomført med Musikkens studieforbund, Folkeakademienes Landsforbund og Musikk i Skolen som hovudpartnarar, på vegner av og i samarbeid med andre nasjonale og lokale partnarar.

Krafttak for song fekk 1,5 mill. kroner over statsbudsjettet til gjennomføring av eit pilotprosjekt i 2014. I pilotprosjektet blei det satsa på å styrkje songens stilling i utvalde lokalsamfunn og å styrkje samspelet mellom sentrale aktørar som arbeider for dette formålet. I tråd med Stortingets vedtak blei det lagt særleg vekt på utvikling av ein norsk modell for syngjande skular.

Krafttak for song mottok 5 mill. kroner i 2015, løyvd av overskotet i Norsk Tipping AS. I 2015 var song i eldreomsorga ei prioritert satsing.

Krafttak for song er bygd opp rundt fem delprogram: *Song for barn og unge*, *Song i eldreomsorga*, *Song og inkludering*, *Song og helse* og *Song i lokalsamfunnet*. I tillegg arbeider Krafttak for song med rammeprogrammet *Syngjande kommunar*, der målet er å utvikle ein levande og inkluderande songkultur for alle aldersgrupper i kommunen. I 2015 deltok 14 pilotkommunar i programmet.

Stortingets familie- og kulturkomité var samrøystes i si innstilling om at det bør satsast særskilt på Krafttak for song i Innst. 14 S (2013–2014): «Komiteen viser til at dette tiltaket er et målrettet initiativ med bred forankring, som gjennom kunnskapsbasert arbeid skal løse ut betydelige gevinster for norsk kulturliv, for sangmiljøene og sangkulturen i særdeleshet.»

#### DEI FEM DELPROGRAMMA

##### Song for barn og unge

Eit av hovudsatsingsområda for Krafttak for song er å styrkje songtilbodet til barn og unge. Det største prosjektet er Syngjande skular, der målet er å forankre songen som ein del av skulekvardagen. Prosjektet tek for seg korleis song enkelt og effektivt kan brukast i allereie eksisterande undervisning, og rettar seg mot både lærarar og elevar. Song er viktig for å skape eit positivt læringsmiljø på skulen, kan førebyggje mobbing og medverke til ei naturleg og positiv integrering av barn frå andre kulturar og språk. Målet er å få elevar, tilsette og foreldre i den syngjande skulen til å syngje meir, oftare og betre og dermed medverke til å skape eit godt psykososialt og læringsfremmande miljø.

Organisasjonen Musikk i Skolen er ansvarleg for gjennomføringa av Syngjande skule. I skuleåret 2015/2016 var det totalt 33 pilotskular fordelte på 21 kommunar i 16 fylke. Prosjektet har eksistert sidan 2014 og kan vise til auka songaktivitet i skulen og auka interesse for song blant både jenter og gutar.

##### Song i eldreomsorga

Satsinga Syngjande eldreinstitusjonar står sentralt i dette programmet. I ein syngjande eldreinstitusjon har både leiing og tilsette kunnskap om dei positive eigenskapane songen har, og er derfor motiverte til å bruke song aktivt i det daglege arbeidet. Song kan nyttast jamleg som ein naturleg del av verksemda i institusjonen. I den syngjande eldreinstitusjonen skal det også leggjast til rette for besøk av profesjonelle kunstnarar som held konsertar, i tillegg til besøk frå lokale krefter som skule, barnehage, kor, grupper og enkeltmusikarar.

Hovudoperatør for Syngjande eldreinstitusjonar er Folkeakademienes Landsforbund i samarbeid med Akershus musikkråd. Hausten 2015 var 16 institusjonar fordelte på 12 kommunar i sju fylke med i pilotprosjektet.

### Song og inkludering

Songen er unik ved at han kan samle personar med ulik bakgrunn i eit fellesskap der alle har lik føresetnad for å føle seg som ein del av fellesskapet. Songen kan gi kjensla av å tilhøyre ei gruppe og kan for eksempel nyttast som eit verktøy ved integrering.

### Song og helse

Forsking viser at song har mange gode helseeffektar, både fysisk, psykisk og sosialt. Krafttak for song samarbeider med Tverrfagleg senter for kultur og helse i arbeidet med song og helse.

### Song i lokalsamfunnet

Song i lokalsamfunnet omfattar tiltak som ikkje fell inn under dei andre delprogramma. Typiske tiltak er korkonsertar og opplæring i korsong. Kororganisasjonane i Krafttak for song spelar ei stor rolle i utviklinga av dette programmet og har som mål å senke terskelen for å begynne å syngje.

## 3.5 Interesseorganisasjonane

Ei rekkje interesseorganisasjonar organiserer kor, korsongarar og dirigentar i Noreg. Fleire av dei har stor grad av overlappende formål, men er gjerne retta mot litt ulike delar av korfeltet. I tillegg til å gi hjelp og støtte til medlemmene medverkar dei til synleggjering av korfeltet, til stimulering av korsong og til opplæring, utvikling og mangfald. Arbeidet til dirigent- og kororganisasjonane er svært viktig for utviklinga av korsong i Noreg.

Den frivillige korsongen er hovudsakleg representert ved reine kororganisasjonar, men òg gjennom organisasjonar som ikkje er spesialiserte mot korfeltet. Dei profesjonelle aktørane er først og fremst representerte ved organisasjonar som

# Organisasjonane

**Foreningen norske kordirigenter (FONOKO)** vil vere ein synleg og relevant organisasjon for kordirigentar i Noreg ved å vere ein aktiv pådrivar for å ta vare på og betre arbeidsforholda og den faglege utviklinga til dirigentar. Foreninga ønskjer òg å vidareutvikle samarbeid med norske kororganisasjonar, samarbeide vidare med dei nordiske systerorganisasjonane og stimulere til kontakt mellom relevante partar i kulturpolitiske saker og i samband med fagleg skoloring av kordirigentar.

**Norges Korforbund** har som formål å gi korsongen høve til større utbreiing og høgare kvalitet for å medverke til mangfald, kvalitet og innovasjon innan kormusikk. Forbundet ser det som si oppgåve å vidareføre kortsongtradisjonen til nye generasjonar og grupper, slik at korsong står fram som ein framtidretta og inkluderande aktivitet. Norges Korforbund vil vere ein viktig aktør i samfunnsdebatten og synleggjere kva korsong har å seie for helse, fellesskap, det psykososiale miljøet og lokalsamfunnet generelt. Norges Korforbund fordeler tilskot frå tilskotsordninga aktivitetstilskot for kor. Tildelingane blir gitt til kor uavhengig av organisasjonstilknøying.

**Ung i Kor** er ein landsomfattande, frittstående og demokratisk organisasjon for barnekor og ungdomskor. Ung i Kor skal styrkje utbreiinga av og kvaliteten på barnekorsong og ungdomskorsong i Noreg gjennom å fremme musikalsk utvikling, å gi hjelp og støtte til medlemmene og å drive opplæring i demokratisk arbeid.

**Norsk sangerforum** har som formål å vere ein felles interesseorganisasjon og eit felles nettverk for kor og vokalgrupper i Noreg. Forumet vil arbeide med musikkfaglege spørsmål, musikkopplæring og musikkformidling, å skape brei interesse og forståing for den kulturelle, sosiale og miljøskapande innverknaden korsongen har, og å vere ein samarbeidsorganisasjon og i første rekkje samarbeide med andre musikkorganisasjonar og musikkmiljø i Noreg.

**Norsk Sangerforbund** har som formål å styrke korsongen og stimulere interessa for song og musikk. Dette kan gjerast ved ulike studie- og utdanningstiltak for songarar og dirigentar, ved å arrangere songarstemne, konsertar og andre kulturarrangement og ved å samarbeide med offentlege organ og organisasjonar i inn- og utland om felles kulturoppgåver.

**Ung kirkesang** har som formål å ta vare på og fornye kyrkjesongen, både kyrkjelydssong og korsong. Ung kirkesang er ein sjølvstendig og demokratisk organisasjon som arbeider aktivt for å gi korsongarane sterkare deltaking og innverknad i organisasjonen.

**Norges kirkesangforbund** har som overordna mål å rette merksemd mot den plassen kyrkjesongen og kyrkjekora har i gudsteneste- og kyrkjelydsliv, å vere pådrivar og medverke til å utvikle kyrkjesongen i Den norske kyrkja og i kulturpolitisk samanheng og å leggje til rette for framføring av tradisjonell og nyskapande kyrkjemusikk.

Musikernes fellesorganisasjon (MFO) og Norsk teater- og orkesterforening (NTO).

Samarbeidsforumet Koralliansen er eit resultat av fleire års samarbeid mellom enkelte kororganisasjonar. Organisasjonane har inngått ein avtale for å fremme samarbeid og styrkje den frivillige korsongen i Noreg. Gjennom samarbeidsavtalen arbeider organisasjonane

med felles saker og er ei sterk røyst for alle korsongarar, dirigentar og frivillige i heile landet. Frå januar 2016 representerer Koralliansen 66 000 medlemmer gjennom organisasjonane Ung i Kor, Norges Korforbund, Norsk sangerforum, Norsk Sangerforbund, Ung kirkesang, Norges kirkesangforbund og dirigentorganisasjonen Foreningen norske kordirigenter (FONOKO).

**Acta – barn og unge i Normisjon** er Normisjons barne- og ungdomsarbeid og er samansett av både foreiningar og direktemedlemmer, blant anna kor. Acta organiserer blant anna korkonsepta Soul Children og Soul Teens. Det finst om lag 140 barnekor, tweenskor og ungdomskor innanfor Soul Children-konseptet i Noreg.

**Noregs KFUK-KFUM** er ein landsomfattande kristen medlemsorganisasjon av lokale einingar og verksemder for barn, unge og vaksne, pluss enkeltmedlemmer. Noregs KFUK-KFUM organiserer blant anna barnekor, Tween Sing-kor, Ten Sing-kor og kor for unge vaksne. Det er over 120 Ten Sing-grupper spredd rundt i heile Noreg. I tillegg kjem barne- og vaksenkora.

**Norsk musikkråd** er eit samarbeidsnettverk og ein interesseorganisasjon for musikklivet i Noreg. Norsk musikkråd skal koordinere og initiere fagleg og organisatorisk samarbeid innanfor musikklivet lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt, forvalte dei offentlege økonomiske verkemidla som organisasjonen til kvar tid disponerer til beste for musikklivet, og koordinere og initiere interessepolitisk samarbeid for musikklivet.

**Musikkens studieforbund** har opplæring innan musikkområdet som hovudoppgåve. Musikkens studieforbund skal gjennom og på vegner av medlemsorganisasjonane sine, og i samarbeid med Norsk musikkråd, fremme kompetanseutvikling og livslang læring i norsk musikk. Studieforbundet driv opplæringsaktivitetar på grunnlag av målformuleringar om studieforbund i lov om vaksenopplæring.

**OperaNorge** er nettverket til dei norske operaprodusentane, organisert som ei foreining. OperaNorge er samansett av om lag 20 medlemmer over heile landet, blant dei Den Norske Opera & Ballett, regionoperaene, distriktsoperaene og andre operaaktørar. OperaNorge har dei siste åra sett søkjelys på kvalitetsheving blant operakora og blant anna i samarbeid med Den Norske Opera og Ballett gjennomført ulike kompetansebyggjande pilotprosjekt.

**Musikernes fellesorganisasjon (MFO)** er fagforeining og interesseorganisasjon for musikarar, songarar, dansarar, pedagogar, sufflørar, teaterinspisientar og andre. MFO er med 8000 medlemmer den største kunstnarorganisasjonen i Noreg. MFO ønskjer å vere Noregs største og viktigaste kunstnarorganisasjon for utøvande kunstnarar, pedagogar og andre yrkesutøvarar og studentar innan kunst- og kulturfeltet, og arbeider for gode lønns- og arbeidsvilkår for alle medlemmene og gode rammevilkår for kunst- og kulturfeltet.

**Norsk teater- og orkesterforening (NTO)** har 45 medlemmer innanfor profesjonell musikk og scenekunst. Medlemmene er nasjonale og regionale institusjonar innan teater, opera, orkester og dans og dessutan offentleg støtta programmerande teater, produserande teater og scener, profesjonelle kor, ensemble og orkester. NTO driv utstrekkt interessepolitisk arbeid på vegner av medlemmene, og hjelper medlemmer med tariffspørsmål og andre arbeidsgivarspørsmål.



## 4 Finansieringa av kor

Dei statlege tilskota er innretta mot ulike behov i kor og vokalfeltet. Tilskot blir gitt til mottakarar direkte på statsbudsjettet, gjennom ulike ordningar i Norsk kulturfond, gjennom Aktivitetsmidlar for kor og ulike andre tilskotsordningar.

### 4.1 Finansiering av profesjonelle kor og vokalensemble

Til forskjell frå instrumentalfeltet har den norske vokalmusikken tidlegare i lita grad vore sikra tilstrekkelege rammevilkår for profesjonell drift. Gjennom utdanningssystemet er det i dag svært god tilgang på høgt utdanna songarar, men faste stillingar for ensemblesong i Noreg finst med få unntak berre ved Den Norske Opera & Ballett. Dette er ein situasjon som er vesentleg annleis enn for instrumentalistar. Sjølv om det finst få faste stillingar for korsongarar i Noreg, finst det utstrekt profesjonell honorering av songarar i frittstående kor og vokalensemble som Det Norske Solistkor, Vokal Nord og Nordic Voices.

Ein føreseieleg økonomi på lang sikt og tilstrekkelege økonomiske rammer er nødvendig for å kunne etablere og drive orkester, kor og ensemble der utøvarane kan få fullverdige lønns- og arbeidsforhold. Dette gir også betre høve til langsiktig planlegging, utvikling av kunstnariske strategiar og avtaleinngåingar enn det korfeltet hittil har stått overfor.

Løyvingar under Kulturdepartementet	2015	2016
Det Norske Solistkor	8,7 mill. kroner	8,8 mill. kroner
Edvard Grieg Kor	4,1 mill. kroner	4,2 mill. kroner
Norsk kulturråd, ensemblestøtte	15,5 mill. kroner	18,4 mill. kroner
Norsk kulturråd, kyrkjemusikkordninga	6,4 mill. kroner	Blir fordelt gjennom året
Aktivitetsmidlar for kor	7,4 mill. kroner, av dei 2,4 mill. kroner til produksjons- og driftsstøtte for kor på høgt nivå	7,5 mill. kroner, av dei 2,5 mill. kroner til produksjons- og driftsstøtte for kor på høgt nivå
Krafttak for song	5,1 mill. kroner	5,1 mill. kroner

**I tillegg kjem midlar til kor i orkester, regionoperaer og anna. Om lag 32 mill. kroner av tilskotet til Den Norske Opera & Ballett gjeld korverksemda i 2015 og om lag 30 mill. kroner i 2016.\***

\* Den Norske Opera & Balletts budsjetterte lønnskostnader (utanom pensjon) til Operaens kor i 2015 og 2016. I tillegg kjem kostnader til kormeister, koradministrator, korinspisient og pianist, pluss ekstrakor i enkelte produksjonar. Kjelde: Den Norske Opera & Ballett.

Løyvingar under andre departement	2015
Vaksenopplæringsmidlar	Om lag 22,3 mill. kroner**
Frifond	5,4 mill. kroner***
Momskompensasjon	Momskompensasjon blir tildelt i desember året etter. Tildeling til kor for rekneskapsåret 2014, løyvd i 2015, var på 16,6 mill. kroner.****

**Vaksenopplæringsmidlar og Frifond for 2016 blir fordelt i 2016, momskompensasjon i 2017.**

\*\* Kjelde: Vaksenopplæringsfondet.

\*\*\* Fordelt på Norges korforbund (0,6 mill. kroner), Norsk sangerforum (0,2 mill. kroner) og Ung i Kor (4,5 mill. kroner). Kjelde: Norsk musikkråd.

\*\*\*\* Fordelt på Norges Korforbund (9,9 mill. kroner), Ung i Kor (2,1 mill. kroner), Norges kirkesangforbund (0,7 mill. kroner), Norsk Sangerforbund (0,4 mill. kroner), Norsk sangerforum (2,8 mill. kroner) og Ung kirkesang (0,7 mill. kroner). Kjelde: www.lottstift.no.



For å styrkje utviklinga på korfeltet løyvde Stortinget for 2007–2009 totalt 4 mill. kroner til ei treårig forsøksordning for profesjonalisering av kor.<sup>5</sup> Med dette kom den verkelege utviklinga av løyvingane frå staten til korfeltet i gang. Norsk kulturråd fekk i oppdrag å bruke midlane til å «legge til rette for profesjonalisering av utvalgte kor gjennom samproduksjoner og ulike samarbeidsmodeller».<sup>6</sup> Midlane blei fordelte på ni kor: nokre profesjonelle, som Det Norske Solistkor og KorVest (no Edvard Grieg Kor), men flest amatørkor på høgt kunstnarisk nivå, som Grex Vocalis, Ensemble 96 og Vokal Nord.

Mie Berg Simonsen fekk i oppdrag av Kulturrådet å undersøkje om ordninga hadde medverka til profesjonalisering av dei ni kora som fekk tilskot. Rapporten *Profesjonalisering av kor*,<sup>7</sup> som blei lagd fram i 2010, konkluderte med at forsøksordninga ikkje hadde vore vellykka som profesjonaliseringsstrategi. Den mellombels styrkinga av verksemda til kora som

5 Jf. St.prp. nr. 1 (2006–2007), St.prp. nr. 1 (2007–2008) og St.prp. nr. 1 (2008–2009).

6 Jf. tildelingsbrev til Norsk kulturråd for 2007

7 *Profesjonalisering av kor, evaluering av en forsøksordning* (Simonsen 2010).

var omfatta av forsøksordninga, kom av at ordninga i realiteten fungerte som ei mellombels utviding av ensemblestøtta.

Etter at forsøksordninga blei avslutta, utforma Kulturrådet eit forslag til vidare profesjonalisering av korfeltet. Forslaget var å setje i gang ei profesjonalisering av korfeltet i fleire regionar, og det føresette at ensemblestøtteordninga framleis ville støtte vokalensemble ut frå faglege kriterium.

Sidan 2010 har fleire kor og vokalensemble fått ein kraftig auke av tilskota anten som faste statstilskot eller frå Norsk kulturråds ensemblestøtte. For Det Norske Solistkor, Edvard Grieg Kor, Vokal Nord, Trondheim Voices og Nordic Voices skjedde dette først og fremst i samband med overføringar mellom ensemblestøtta i Kulturrådet og statsbudsjettet. Det Norske Solistkor og Edvard Grieg Kor fekk fast statleg tilskot frå og med 2014.<sup>8</sup>

Det Norske Solistkor var tidlegare det einaste frittstående koret som hadde substansiell statleg støtte. Tilskotet blei gitt frå Kulturrådets

8 Jf. Prop. 1 S Tillegg 1 (2013–2014).



tilskotsordning for musikkensemble. Langsiktig finansiering har vore ein viktig føresetnad for at koret har kunna utvikle seg til det fremste profesjonelle frittstående koret i Noreg.

Finansieringa av det profesjonelle korfeltet fekk eit nytt løft i 2015 og 2016 etter at Stortinget i to omgangar utvida ramma for Norsk kulturråds ensemblestøtte med totalt 14,5 mill. kroner til kor på høgt nivå.

Ensemblestøtta gav i 2015 betre økonomiske rammer for 15 kor og vokalensemble, blant dei fleire som ikkje tidlegare hadde motteke ensemblestøtte. Berre til dei to ekstra søknadsfristane i 2015 kom det inn 53 søknader, med samla søknadssum på 33,3 mill. kroner. Den samla løyvinga til kor og vokalensemble utgjorde 34 pst. av ensemblestøtta i 2015.

For 2016 har Norsk kulturråd fordelt 16,3 mill. kroner til 13 kor og vokalensemble etter ordinær søknadsfrist. Som kjent utvida Stortinget ramma for ensemblestøtta med 4,5 mill. kroner i 2016. Av desse blei ytterlegare 2,8 mill. kroner fordelt på 12 kor våren 2016.

I 2016 er om lag 55,5 mill. kroner løyvde til region- og distriktsoperaer. I tillegg kjem tilskot til opera- og musikkteaterverksemd som er innlemma i andre allereie eksisterande institusjonar. I 2010 blei tildelingane til Musikkteatret i Bodø og Opera Nord på i alt 3,7 mill. kroner og tilskotet til Musikkteatret i Trondheim på 4,2 mill. kroner innlemma i tilskota til høvesvis Nordnorsk Opera og Symfoniorkester og Trondheim Symfoniorkesters tilskot i 2010. I 2012 blei tilskotet til Opera Sør på 6,8 mill. kroner innlemma i det samla tilskotet til Kilden. Ein del av tilskotsauken til disse tre institusjonane dei siste åra er også tildelt for å styrkje opera- og musikkteaterverksemda. Satsinga har positive ringverknader for korfeltet og påverkar oppdragsmengda til feltet.

Telemarkforskingss rapport *Operasjon operanasjon, evaluering av region- og distriktsopera/musikkteater* (Berge m.fl. 2016) blei lagd fram våren 2016. Formålet med evalueringa var å skaffe kunnskap om opera- og musikkteaterfeltet regionalt. Rapporten konkluderer blant anna med at region-

og distriktsoperaene/musikkteatra fyller ein viktig funksjon for det totale norske operafeltet, som arena for både songarar, musikarar og andre kunstnariske fagpersonar.

## 4.2 Finansiering av amatørkor

I tillegg til vaksenopplæringsmidlar, momskompensasjonsordninga og Frifond er tilskotsordninga aktivitetsmidlar for kor den viktigaste statlege finansieringskjelda for amatørkor.

Aktivitetsmidlar for kor blei oppretta i 2007 ved overføring av 1 mill. kroner frå Norsk kulturråds tilskotsordning for lokale musikktiltak (LOK-ordninga). Aktivitetsmidlane skal medverke til å heve det kunstnariske nivået på produksjonar og konsertar. Formålet med ordninga er å stimulere til musikalsk utvikling og auka kvalitet i det lokale korlivet, auke samarbeidet mellom kor og profesjonelle aktørar og gi publikum gode og varierte konsertopplevingar. Det er ein føresetnad for tilskot at koret samarbeider med profesjonelle aktørar som deltek under framføringane. Tilskota blir fordelte av Norges Korforbund uavhengig av organisasjonstilknytning. Tilskota når eit breitt utval av amatørkor over heile landet.

Frå 2007 til 2012 auka aktivitetsmidlar for kor med knapt 200 000 kroner, mens auken frå 2012 til 2016 var på heile 6,3 mill. kroner. Ein stor del av auken har sidan 2015 vore øyremerkte kor på særleg høgt nivå. Som det går fram av tabellen på side 27, har dette medført ein auke både i talet på tilskotsmottakarar og i gjennomsnittleg tilskotsbeløp. I 2015 mottok 267 søkjarar gjennomsnittleg 15 570 kroner i tilskot, mens 139 fekk avslag. Dette er ein tildelingsprosent på heile 65,8.

På oppdrag frå Norsk kulturråd evaluerte Oxford Research tilskotsordninga aktivitetsmidlar for kor i 2014. Evalueringa undersøkte om fordelinga av midlane hadde vore føremålstenleg i lys av måla for ordninga, og om ho hadde hatt ein utløysande effekt for lokal aktivitet. Rapporten *Syng ut! Evaluering av korforbundets støtteordning Aktivitetsmidler for kor* konkluderte med at administreringa står fram som ryddig, oversiktleg og i tråd med måla for ordninga, og at ho langt på veg både fyller formålet slik dette er skissert, og medverkar som ei drivkraft til eit mangfald av aktivitetar i Kor-Noreg som heilskap. Den

utløysande effekten for aktivitet ser likevel ut til å vere noko avgrensa. Dette kan komme av at midlane i stor grad blir spreidde utover til mange kor med relativt låge tilskotssummar.

#### EKSEMPEL PÅ KOR SOM HAR FÅTT KONSERTSTØTTE

**Bærum Bachkor** blei stifta i 1986 og er knytt til Høvik kyrkje, der koret jamleg medverkar. Koret syng i all hovudsak klassisk kyrkjemusikk, med vekt på Johan Sebastian Bach. Koret har høge musikalske ambisjonar og samarbeider med profesjonelle musikarar ved større oppsetjingar. Dirigent er Thrøstur Eiriksson, kantor i Høvik kyrkje. Bærum Bachkor søkte i mars 2014 om midlar til å setje opp Claudio Monteverdi «Vespro della Beata Vergine 1610» den 25. og 26. oktober 2014 i Høvik kyrkje i Akershus. Samarbeidspartnarar var bl.a. ensemblet «Norwegian Cornett & Sackbuts», eit prisvinnande tidlegmusikkensemble som spelar på historiske brass- og slagverksinstrument. Prosjektet blei tildelt 20 000 kroner frå aktivitetsmidlar for kor. I 2015 heldt koret tre konsertar i Høvik kyrkje. Koret er medlem i Norges kirkesangforbund.

**Sætre vokalforum** søkte i mars 2015 om støtte til konserten «Sommernatt ved fjorden» på Grønsand gard på Hurum i Buskerud, i samarbeid med bl.a. ein profesjonell pianist. Konserten blei tildelt 10 000 kroner. Damekoret er medlem i Norges Korforbund. Rapport, med omtale av prosjektet, rekneskap, program og avisomtale, viste at det kom 85 betalande vaksne og 10 barn gratis, og då var lokalet fullt.

**Storegabet blandakor** søkte i mars 2014 om støtte til prosjektet «Gresk kulturaften», i samarbeid med profesjonelle musikarar og solist. Konserten blei halden på Hotell Norge i Lillesand i Aust-Agder den 23. mai 2014, med 157 publikummarar. Prosjektet blei tildelt 10 000 kroner. I 2015 gjennomførte koret førjulskonserten «Sammen for Kultur» saman med Grunnesund Pigechor i Lillesand kyrkje. Koret er medlem av Norsk sangerforum.

Sidan tilskota frå aktivitetsmidlane for kor har vore låge, har ordninga ikkje fylt behovet som amatørkor på høgt nivå har for produksjons- og driftsmidlar. Sidan 2014 blir derfor delar av aktivitetsmidlane

### AKTIVITETSMIDLAR FOR KOR

KONSERTSTØTTE						
	Til disposisjon kroner	Kor søkt om kroner	Talet på søknader	Talet på tildelingar	Talet på avslag	Tildeling %
2016*	5 065 000	4 950 942	197	137	60	69,5
2015	4 974 000	10 152 489	406	267	139	65,8
2014	2 834 000	9 612 581	402	190	212	47,3
2013	2 234 000	8 442 228	346	174	172	50,3
2012	1 195 000	6 778 825	315	106	209	33,7
2011	1 159 000	5 407 945	265	157	108	59,2
2010	1 124 000	5 496 352	258	119	139	46,1
2009	1 089 000	4 670 738	276	123	153	44,6
2008	1 000 000	2 364 500	260	97	163	37,3
2007	1 000 000	7 462 971	359	87	272	24,2
	21 674 000	65 339 571	3084	1457	1627	47,8

PRODUKSJONS- OG DRIFTSSTØTTE						
	Til disposisjon kroner	Kor søkt om kroner	Talet på søknader	Talet på tildelingar	Talet på avslag	Tildeling %
2016**	2 450 000					
2015	2 400 000	9 095 351	45	21	24	46,7
2014	1 400 000	8 312 116	52	14	38	26,9
	6 250 000	17 407 467	97	35	62	36,8

\* Berre mars-tildelinga er med.

\*\* Tildeling i oktober.

Kjelde: Norges Korforbund mai 2016



for kor sette av til produksjons- og driftsstøtte til amatørkor på særleg høgt nivå, ei ordning med egne retningslinjer.

Formålet med produksjons- og driftsstøtteordninga er å gi kor og vokalensemble på eit særleg høgt kunstnarisk nivå betre vilkår for drift, produksjon og formidling, og er tenkt som meir langsiktig støtte til amatørkor som har tilnærma profesjonell drift og kunstnarisk produksjon. Med dette kan kor motta meir substansielle tilskot. Støtte blir gitt til eitt års drift og er ikkje prosjektorientert slik som dei tradisjonelle aktivitetsmidlane. Korforbundet har oppretta eit eige fagutval for den nye ordninga for produksjons- og driftsstøtte i dialog med og etter forslag frå korfeltet. 1,4 mill. kroner er gjennom denne tilskotsordninga fordelte på 14 kor i 2015, og 2,4 mill. kroner er fordelte på 21 kor for 2016.

#### **EKSEMPEL PÅ KOR SOM HAR MOTTEKE PRODUKSJONS- OG DRIFTSSTØTTE**

**Schola Cantorum** blei starta i 1964 av dirigent og komponist Knut Nystedt ved Universitetet i Oslo i tilknytning til faget musikkvitenskap. Koret rekrutterer framleis songarane sine blant studentane der, frå Noregs musikkhøgskole og frå Barratt Due musikkinstitut. Koret framfører alt frå nyskriven musikk til folkemusikk og samarbeidsprosjekt med metalbandet Dimmu Borgir. Koret samarbeider

jamleg med utøvarar som Kringkastingsorkesteret, Det Norske Blåseensemble og Forsvarets stabsmusikkorps. Dei siste åra har Schola Cantorum turnert i blant anna Tyskland, Italia, Spania, Frankrike, Sør-Korea, England, Ukraina, Russland og dei nordiske landa. Dirigent Tone Bianca Dahl fører vidare Nystedts tradisjon for framføring av nyskriven musikk. Frå produksjons- og driftsstøtta fekk Schola Cantorum 100 000 kroner for 2015 og 140 000 kroner for 2016. I 2015 mottok dei òg 150 000 kroner frå ensemblestøtta og 20 000 kroner frå konsertstøtta.

Koret **SKRUK** er basert på Sunnmøre og har i over 40 år hatt Per Oddvar Hildre som dirigent. Sidan starten i 1973 har koret gitt ut nærmare 30 album, flesteparten på Kirkelig Kulturverksted. Korets rundt 50 songarar bur over heile landet og møtest til øvingar og konsertar gjennom heile året. SKRUK har mange prosjekt på tvers av sjangrar og kulturar med dirigent Per Oddvar Hildre og Erik Hillestad frå Kirkelig Kulturverksted som initiativtakarar. Sommaren 2015 gjennomførte SKRUK éin turné til Asker, Lillehammer, Snertingdal og Gjøvik, i tillegg til tre konsertar på Moldejazz saman med Oakland Interfaith Gospel Choir. I desember held koret konsertar i Årnes, Oslo, Konnerud og Ås. SKRUK mottok 100 000 kroner i produksjons- og driftsstøtte i 2015. I tillegg mottok dei 40 000 kroner frå konsertstøtta til turné 2015.

Mens Norsk kulturråds tilskotsordning for musikkensemble i hovudsak er retta mot profesjonelle utøvarar, mottok ei rekkje kor også tilskot frå Kulturrådet gjennom andre tilskotsordningar i Norsk kulturfond, som tilskotsordninga for musikarar og tilskotsordninga for kyrkjemusikk. Dei siste tre åra har Kulturrådet løyvd 16,6 mill. kroner frå desse to ordningane direkte til kor og vokalensemble eller til prosjekt der desse medverkar, fordelt på i overkant av 100 søknader og meir enn 130 kor.<sup>9</sup>

#### **EKSEMPEL PÅ KOR SOM FÅR TILSKOT FRÅ KYRKJEMUSIKKORDNINGA**

**Kirkens korskole Nøtterøy** mottok 50 000 kroner til korskulefestivalen 2015.

**Nidarosdomens guttekor** har årleg motteke 510 000 kroner for verksemda si i perioden 2014–2016.

**Domkirken musikk AS** i Stavanger mottok 350 000 kroner til si verksemd i 2014, som blant anna inkluderer korsong.

Organisasjonen **Ung kirkesang** mottok 150 000 kroner i 2014 og i 2015 til korleiaropplæring for unge korsongarar. Dei har òg fått treårig støtte til prosjektet Gullgruver for norsk korsong, med totalt 270 000 kroner for perioden 2016–2018.

Momskompensasjonsordninga, vaksenopplæringsmidlane og Frifond er viktige inntekter for kora. Formålet med momskompensasjonsordninga er å fremme frivillig aktivitet, og ordninga skal kompensere for kostnader frivillige organisasjonar har til meirverdiavgift ved kjøp av varer og tenester, basert på årsrekneskap eitt år tilbake i tid. Ramma blir fastsett av Stortinget kvart år. Kororganisasjonane søkjer om kompensasjon for kostnader til meirverdiavgift på vegner av medlemmene. Midlane blir deretter fordelte etter ein fordelingsnøkkel fastsett

<sup>9</sup> Tildelingar frå tilskotsordningane for musikarar og kyrkjemusikk i Norsk kulturfond direkte til kor og vokalensemble eller til prosjekt der desse medverkar, 2013–2015 per 1. juli 2015. Kjelde: Norsk kulturråd.

av Lotteri- og stiftelsestilsynet. For rekneskapsåret 2013 mottok kororganisasjonane totalt 13,3 mill. kroner i momskompensasjon til fordeling til medlemmene sine. For 2014 var beløpet 16,6 mill. kroner.<sup>10</sup>

Kora kan òg søkje om støtte til kurs etter vaksenopplæringslova, dei såkalla «vaksenopplæringsmidlane». Kursa må vere på minst åtte kurstimar, og studieplanen må vere godkjend av eitt av femten godkjende studieforbund før kursstart.<sup>11</sup> Vaksenopplæringsforbundet opplyser at song, vokalmusikk og kor utgjorde 13 pst. (ca. 178 000 timar) av totalt innrapporterte timar for 2014 og 11 pst. (ca. 182 000 timer) for 2015. Timesatsen blir fastsett av dei ulike studieforbunda. Vaksenopplæringsforbundet reknar med at ca. 21,5 mill. kroner av tilskotet til studieforbunda gjekk til korfeltet i 2014 og 22,3 mill. kroner i 2015.

Frifond-ordninga gir støtte til lokal aktivitet som rettar seg mot barn og unge under 26 år. Minst 1/3 av kormedlemmene må vere yngre enn 26 år for at koret kan få støtte. I 2015 gikk 5,4 mill. kroner til korfeltet frå Frifond.

Ved sida av aktivitetstilskot, vaksenopplæringsmidlar, momskompensasjonsmidlar og Frifond er hovudinntektskjeldene for kora medlemskontingent, sponing og billettinntekter. Grasrot-delen utgjer òg ei inntekt for kora. Som i det frivillige feltet elles er også korfeltet prega av kreativitet og dugnadsånd.

<sup>10</sup> Fordeling 2014/2015: Norges Korforbund (10,1 mill. kroner / 9,9 mill. kroner), Ung i Kor (1,7 mill. kroner / 2,1 mill. kroner), Norges kirkesangforbund (0,4 mill. kroner / 0,7 mill. kroner), Norsk Sangerforbund (0,4 mill. kroner / 0,4 mill. kroner), Ung kirkesang (0,7 mill. kroner / 0,7 mill. kroner), Norsk sangerforum (søkte ikkje i 2014 / 2,8 mill. kroner). Enkelte kor søkte og mottok momskompensasjon ved eigen søknad til Lotteri- og stiftelsestilsynet.

<sup>11</sup> <http://www.vofo.no/om-vofo/studieforbund/>



# 5 Strategi for korfeltet

Kulturdepartementets overordna mål er å medverke til at alle kan få tilgang til kunst og kultur av høg kvalitet, og å fremme kunstnarisk utvikling og fornying. Måla for løyvingane til musikkformål er å leggje til rette for produksjon, formidling og etterspørsel av ulike musikkuttrykk.<sup>12</sup>

## 5.1 Utvikling av korfeltet

Kulturdepartementet inviterte til innspelsmøte med korfeltet den 8. september 2015 om utvikling av korfeltet i Noreg. Dei rundt 50 deltakarane representerte interesseorganisasjonar, kor og vokalensemble, både profesjonelle og amatørar.

Departementet mottok 20 munnlege innspel frå deltakarane i salen, og 15 skriftlege innspel etter møtet.

Så godt som alle kora var opptekne av at tilskota må vere føreseielege. Mange tok òg til orde for forenkling i støtteordningar, nokre òg for flytting av ansvaret for fordelinga av aktivitetssmidlane for kor og betre samarbeid mellom organisasjonane. Blant forslaga til forenklingar var samordning av søknadsfristar, søknadsskjema og rapporteringsrutinar, men òg høve til sjablongmessige tilskot. Andre var opptekne av ikkje å endre i nye ordningar,

men la desse utvikle seg og verke ei stund. Det var òg eit ønske om evaluering av ordningar.

Rekruttering, utdanning og vidareutvikling/etterutdanning var eit tema som det var stor semje om. I desse spørsmåla er alle avhengige av kvarandre: Alle nivå treng eit tilstrekkeleg tilfang av kordirigentar. Det same gjeld rekruttering av korsongarar, spesielt gitar.

Det var ei felles forståing av at dei ulike delane av korfeltet har ulike behov. Norsk teater- og orkesterforening (NTO) skisserer i sitt innspel ein firetrinns pyramidemodell for korfeltet som dei bruker til å definere behov og nødvendige verkemiddel på dei ulike nivåa. NTOs innspel er konsentrert om nivå fire: profesjonelle kor og vokalensemble.

### Kategori 4:

Profesjonelle kor og vokalensemble. Desse har dei same behova som dei profesjonelle symfoniorkestra: årsverk for ei rekkje tenester, utlyste stillingar, audition og prøvesong/prøvedirigering for songarar, og dirigentar med adekvat utdanning.

**Kategori 3:** Vokalensemble og kor som held eit høgt kvalitativt nivå og arbeider økonomisk «semiprofesjonelt». Dette omfattar enkelte kor knytte til dei store domkyrkjene, mindre vokalensemble og andre. Også på dette nivået er det behov for å betre tilgangen på profesjonelt utdanna dirigentar, men òg å få høve til vidareutvikling gjennom støtte til bestillingsverk, internasjonal verksemd, innovative utviklingsprosjekt og administrasjon.

**Kategori 2:** Dei noko meir utvikla amatørkora som treng profesjonelt utdanna korleiarar og meir føreseieleg produksjonsstøtte.

**Kategori 1:** Den store amatørørsla som treng prosjektstøtte. Eit av dei største behova handlar om å styrkje utdanninga av profesjonelle korleiarar.

<sup>12</sup> Jf. Prop. 1 S (2015–2016)



Frå Kulturdepartementets innspelsmøte i september 2015

NTO meiner symfoniorkestra og regionoperaene må få betre vilkår for å heve kvaliteten på korverk, orkesterverk og musikkteaterframføringar, og at ei vidare utvikling av profesjonelle kor og vokalensemble bør konsentrerast om to parallelle strategiar: styrking av korverksemda knytt til musikkteater i regionane og av Det Norske Solistkor og Edvard Grieg Kor.

NTO og Musikernes fellesorganisasjon (MFO), i tillegg til dei profesjonelle kora Edvard Grieg Kor og Nytt profesjonelt kor i Stavanger (arbeidstittel) er opptekne av profesjonelle vilkår for songarane. Kostnadene for ein profesjonell korist bør etter NTOs syn tilsvare ein musikal i eit profesjonelt symfoniorkester, men kan haldast låge ved å knyte

årsverka til eksisterande institusjonar. OperaNorge peiker på behovet for profesjonelle korsongarar som òg meistrar operaforma og dei sceniske utfordringane denne kunstforma krev. Dei meiner at ei kvalitetsheving av produksjonane i region- og distriktsoperaene i stor grad vil avhenge av ei profesjonalisering av operakora.

Organisasjonane Ung i Kor, Norsk sangerforum, Norsk Sangerforbund, Norges kirkesangforbund og Foreningen Norske Kordirigenter (FONOKO) har gått saman om eit felles innspel der hovudpunkta er satsing på breidde, amatørar og unge, behov for opprydding i tilskotsordningar og samarbeid mellom alle aktørar, og tydelegare struktur og kriterium for søkbare støtteordningar.

Behovet for utdanning og utvikling av kordirigentar blir trekt fram som ei utfordring for kor på alle nivå. Fleire tok til orde for at kora og institusjonane sjølv har eit ansvar for å løfte fram kordirigentar, og viste til assistentordningar for kordirigentar som moglege tiltak, i tillegg til breiare satsing på dirigentar både gjennom utdanningsverket og gjennom organisasjonane.

I etterkant av innspelsmøtet har ansvarlege frå verksemder som i ulik grad arbeider med profesjonelle vokalensemble hatt dialog om praktiske, politiske og kunstnariske utfordringar, definisjon av profesjonelle songarar og amatørsongarar, kunstnariske utfordringar, kvalitet, lønn og arbeidstidsordning, og moglege framtidige samarbeid. Fleire av kororganisasjonane har samla seg gjennom Koralliansen.

## Oppfølging

For at korfeltet skal blomstre og talent skal hjelpast fram, trengst det ei mangfaldig korrørsle med stort tilfang av songarar og dirigentar til både breidde- og elitekor.

Det finst no profesjonelle kor i tilknytning til institusjonelle og profesjonelle musikkmiljø, eller slike er under oppbygging, i alle landets regionar. Regjeringa vil leggje til rette for at kor og vokalensemble skal ha utviklingsføresetnader og profesjonelle kunstnariske vilkår for produksjon og formidling, og vil føre vidare ei målretta satsing på dette.

Regjeringa ønskjer å medverke til profesjonelle rammevilkår for kor i alle regionane i landet. Fleire frittstående kor med høgt kvalifiserte songarar er blitt profesjonaliserte og bygde opp blant anna ved hjelp av faste tilskot og løyvingar frå Norsk kulturråds tilskotsordning for musikkensemble. Gjennom ensemblestøtta er Kulturrådet i dialog med frittstående profesjonelle kor om vidare utvikling ut frå faglege, organisatoriske og økonomiske omsyn.

Departementet vil leggje til rette for at det profesjonelle kor- og vokalfeltet blir utvikla vidare gjennom faste tilskot og gjennom tilskotsordningar i Norsk kulturråd. Regjeringas satsing på oppbygginga av Det Norske Solistkor blir ført

vidare. Ensemblestøtta blir utvikla vidare av Kulturrådet med tanke på føreseielege tildelingar, langsiktig planlegging og ulike regionale behov for profesjonelle kor.

Med solid statleg finansiering som grunnlag må ein kunne forvente at også regionane og samarbeidspartnarar i musikkfeltet anerkjenner seg kor- og vokalfeltets behov for profesjonelle produksjonsvilkår og medverkar til vidare utvikling av desse på lik linje med instrumentalfeltet. Gjennom vesentleg betra rammevilkår har ei rekkje kor og vokalensemble i dag, blant anna gjennom profesjonell administrasjon, betre føresetnader for å sikre breiare finansiering gjennom honorar, sponning, gåver og privat kapital.

Regjeringa vil vidareføre satsinga på amatørkor på alle ambisjonsnivå. Korsong er ein viktig del av det frivillige musikkfeltet, og fremmar songglede og samhald som ein meningsfylt fritidsaktivitet. Fleire amatørkor er òg ein viktig frivillig ressurs i det profesjonelle musikklivet. Departementet vil leggje til rette for tilskot til amatørkor gjennom aktivitetsmidlar for kor, blant anna vidareutvikling av amatørkor på høgt nivå gjennom tilskotsordninga produksjons- og driftsstøtte.

Departementet ønskjer at fleire skal kunne ta del i song som kjelde til glede, kreativitet, identitet, helse og eigenutvikling gjennom tiltaket Krafftak for song. Departementet viser til Stortingets familie- og kulturkomité, som var samrøystes i si innstilling på at det bør satsast særskilt på Krafftak for song i Innst. 14 S (2013–2014): «Komiteen viser til at dette tiltaket er et målrettet initiativ med bred forankring, som gjennom kunnskapsbasert arbeid skal løse ut betydelige gevinster for norsk kulturliv, for sangmiljøene og sangkulturen i særdeleshett.»

Rapporten *Forenklingspotensialet i statlige tilskuddsordninger for frivillige organisasjoner* (KPMG) blei lagd fram i april 2016. Rapporten går gjennom eit utval av tilskotsordningar under tre departement. Funna i rapporten viser at det er eit forenkling- og forbedringspotensial i måten tilskotsordningane er utforma og forvalta på. Dette gjeld behov for klårleik og målretting i ordningane, betre samordning mellom ordningar og mellom

departement, og tilrettelegging for meir føreseielege arbeidsvilkår for organisasjonane. Rapporten peiker på informasjon, fleirårige og meir sjablongmessige tilskot som aktuelle forenklingar. Departementet vil vurdere oppfølging av rapporten i samråd med aktuelle departement.

## 5.2 Dirigentutvikling

Som ei oppfølging av Kulturdepartementets innspelsmøte arrangerte Koralliansen dirigentkonferansen «Dirigentutviklingen i Norge – en felles strategi» i Kulturhuset Kimen i Stjørdal i januar 2016. Målet var å samle heile fagfeltet og sjå på utsiktene til ein nasjonal strategi for dirigentutvikling og kartlegge dei strukturelle utfordringane gjennom ansvarsområde for ulike utdanningar og kurs.

Etter konferansen har Koralliansen arbeidd med ein felles strategi i dialog med andre musikkorganisasjonar, utdanningsinstitusjonar, Kulturskulerådet og Kyrkjerådet. Kulturdepartementet mottok eit innspel frå Koralliansen i mars 2016 om det førebels resultatet av samarbeidet.

Koralliansen støttar arbeidet sitt på dagleg dialog med dirigentar og kor, men òg på tre ulike undersøkingar blant kor og dirigentar.

### DEI TRE UNDERSØKINGANE

Rådet for utøvande musikkutdanning (RUM), eit samarbeidsorgan for lærestader som har utøvande musikkutdanning, har gjennomført ei undersøking blant dirigentar for kor, korps og orkester. 214 kordirigentar svarte på undersøkinga. Svarea viser at 66 pst. ønskjer å delta på kurs i regi av kororganisasjonane, 44 pst. ønskjer å bli følgde opp av ein mentor, og 43 pst. av kordirigentane ønskjer vidareutdanning på universitets- eller høgskulenivå.

Norges Korforbund har gjort ei undersøking blant medlemskora sine og dirigentane deira. 357 styreleiarar for kor og 124 dirigentar svarte på undersøkinga. Deltakarane i undersøkinga blei blant anna spurde om kor viktig det er med opplæringstiltak for dirigentar, på ein skala frå 1 til 7. Av dei 481 som svarte gav 327 dette tiltaket ein skår på 5, 6 eller 7.

FONOKO, Norsk sangerforum, Norges kirkesang-

forbund, Ung i Kor og Norsk Sangerforbund har gjennomført ei dirigentundersøking med hovudpunkta: dirigentens arbeidssituasjon, utdanning og realkompetanse, dirigentens arbeidsområde i koret og faglege utvikling. 199 svar viser behov for eit breitt kurstilbod, der repertoarkunnskap, songteknikk og direksjonsteknikk var det mest ønskje.

Koralliansen er oppteken av at rammevilkåra og kompetansen for dirigentar må betrast, og at dei skal ha gode og relevante kurstilbod. Dei peiker på at gode dirigentar sikrar kvaliteten på øvingane og aukar rekrutteringa til kora, og at auka kompetanse hos kordirigentar dermed gir songarane eit betre tilbod. For dirigentar som dirigerer fleire kor, kan det dreie seg om 50–100 songarar per dirigent. Mangel på dirigent fører ofte til at kor blir nedlagde, spesielt utanfor dei store byane.

Koralliansen foreslår eit tredelt dirigentløft, forvalta av FONOKO og følgt opp av styringsgruppa i alliansen:

1. Eit modulbasert opplæringsprogram for kordirigentar i regi av kor- og dirigentorganisasjonane
2. Ei mentorordning for kordirigentar
3. Ei stipendordning som gjer at kordirigentar kan få finansiert vidareutdanning i kordireksjon på universitet eller høgskule

Koralliansen meiner eit modulbasert opplæringsprogram bør rettast mot dirigentar som ikkje har musikkutdanning på universitets- eller høgskulenivå, og som dermed har behov for å styrkje kompetansen sin innanfor kordireksjon. Forslaget inneber å utvikle modulane som eit sett standardmodular med felles studieplanar på tvers av korfeltet, eventuelt også eigne modular for eksempel for barne- og ungdomskor. Kursa bør tilbydast i alle landsdelar og kan gjennomførast av fleire aktørar som tilfredsstillar gitte kompetansekrav.

Koralliansen gjer greie for mentorordninga som ein «mentorbank» samansett av kvalifiserte, erfarne dirigentar, der dirigentar etter søknad kan delta eitt år om gongen. Mentoren gjestar dirigenten fire gonger i året i samband med korøvingar og følgjer

dirigenten gjennom førebuing og gjennomføring av korøvinga, og gir tilbakemelding i etterkant. Dirigentane i ordninga møtest òg gjennom året.

Behovet for ei stipendordning for vidareutdanning av kordirigentar er grunnlagt med høg eigendel på eksisterande studiar på høgskular og universitet.

Utdanning i korleing (kordirigent) på masternivå finst i Noreg i dag berre ved Noregs musikkhøgskole. Ulike utdanningar på lågare nivå finst ved NTNU, Universitetet i Nord og UiT Noregs arktiske universitet. Koralliansen opplyser at Norges Korforbund er i dialog med Høgskolen i Bergen om eit tilbod der, og at det også ved andre høgskular er

aktuelt å etablere tilbod om vidareutdanning. Ung kirkesang har i samarbeid med Høgskolen i Volda utarbeidd ein studieplan i barnekorleing. Fleire av studia føreset at deltakarane har eige kor.

### Oppfølging

Eit godt tilfang av kordirigentar er ein føresetnad for å halde oppe og styrkje breidde og elite i norsk korliv. Kordirigentar er nødvendige for rekruttering til korsong, for å stimulere til eit breitt og mangfaldig korfelt og for å kunne fange opp talent. Departementet vil leggje til rette for rekruttering til og utvikling av korfeltet i Noreg gjennom eit løft for kordirigentar.

### Bildeliste:

- Forsiden: VIVA Sandnes kulturskolekor, foto: Emily Paine
- S. 4 - Foto: Nidarosdomens Guttekor
- S. 6 - Foto: Thomas Haugersveen/Statsministerens kontor
- S. 7 - Det Norske Solistkor, foto: Anniken C. Mohr
- S. 8 - Foto: Edvard Grieg Kor
- S. 9 - Oslo Domkor, foto: Johannes Granseth
- S. 10 - Cantus, foto: Studio G, 2010
- S. 11 - Oslo fagottkor, foto: Jörg Wiesner
- S. 12/13 - Foto: Edvard Grieg Kor
- S. 15 - Oslo fagottkor, foto: John Andresen
- S. 18 - Grex Vocalis, foto: Vegard Giskehaug
- S. 22 - Det Norske Solistkor, foto: Marte Christensen
- S. 24 - Oslo Domkor/dirigent Vivianne Sydnes, foto: Johannes Granseth
- S. 25 - Foto: Nidarosdomens Guttekor
- S. 28 - Foto: Edvard Grieg Kor
- S. 30 - Foto: Edvard Grieg Kor
- S. 32 - Foto: Wenche Nybo/Kulturdepartementet

Utgjeve av:  
Kulturdepartementet

Offentlege institusjonar kan tinge fleire eksemplar frå:  
Service- og tryggingorganisasjonen til departementa  
Internett: [www.publikasjoner.dep.no](http://www.publikasjoner.dep.no)  
E-post: [publikasjonsbestilling@dss.dep.no](mailto:publikasjonsbestilling@dss.dep.no)  
Telefon: 222 40 000

Publikasjonskode: V-0996 N  
Design: Melkeveien Designkontor AS  
Trykk: Service- og tryggingorganisasjonen til departementa 09/2016 – opplag  
100